



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 09.03.2018

Vår ref.: 2018/2712

Arkivnr.:

TIME KOMMUNE
Postboks 38
4349 BRYNE

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med Time kommune - grunnskoleopplæring for vaksne

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunen oppfyller pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til lokale og anlegg når det er nødvendig for å ivareta oppgåvene, jf. kommunelova § 60c.

I perioden 2018-2021 blir det gjennomført eit felles nasjonalt tilsyn knytt til grunnskoleopplæring for vaksne. Tilsynet består av tre hovudtema:

- Rettleie og behandle søknader
- Gjennomføre opplæringa
- Kommunen sitt forsvarlege system

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell for det felles nasjonale tilsynet. Materiellet gir meir informasjon om dei ulike tilsynsområda og innhaldet i det felles nasjonale tilsynet, og er tilgjengeleg på udir.no.

Dette varselet om tilsyn gjeld:

1. Bryne kompetansesenter sitt arbeid med grunnskoleopplæring for vaksne, jf. opplæringslova kap. 4A og forskrift til opplæringslova kap. 4. Undertema i tilsynet vil vere kompetansesenteret sitt arbeid med:
 - Vurdering av rett til grunnskoleopplæring, vurdering av rett til spesialundervisning, kartlegging, realkompetansevurdering og utarbeiding av enkeltvedtak, jf. opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2, 4A-8 og 4A-12 og forskrift til opplæringslova § 4-13
 - Å sørge for at grunnskoleopplæringa er i samsvar med vedtak, IOP og læreplanane, jf. opplæringslova §§ 4A-1, 4A-2 og 4A-6
 - Undervegsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova kap. 4
2. Time kommune sitt forsvarlege system for å vurdere om krava i opplæringslova med forskrifter blir følgde, jf. opplæringslova § 4A-4 første ledd og § 13-10 første ledd.

Gjennom å kontrollere om skoleeigar og kompetansesenteret held dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen har vald å føre tilsyn med Time kommune si etterleving av lovkrava knytte til tilsynstemaet ved Bryne kompetansesenter. Tilsynet blir utført ved ein gjennomgang av innsendt dokumentasjon og ved intervju.

Om Fylkesmannen avdekkjer lovbrøt, vil Time kommune få førehandsvarsel om vedtak, jf. forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil deretter få ein rimeleg frist til å rette lovbrøta før Fylkesmannen vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet, og vi viser elles til kontakt med rådgjevar ved fagstab oppvekst, Olaug Bekkeheien, og rektor ved Bryne kompetansesenter, Ivar Johannessen.

Plan for gjennomføring ser førebels slik ut:

Veke 19: Rettleiingsmøte for leiinga og lærarane ved Bryne kompetansesenter, fagstab oppvekst i Time kommune, PPT i Time kommune, samt aktuelle fagpersonar frå nabokommunane. Time kommune tek ansvar for å invitere kommunane som ein har eit samarbeid med på dette området, samt eventuelle andre kringliggande kommunar.

Stad: Rådhuset

Tid: 7. mai kl. 10:00 – 12:30

Veke 34: Frist for gjennomføring av eigenvurdering i Reflex og innsending av dokumentasjon.

Veke 38: Kort opningsmøte. Etter dette blir det intervju med rådmann, etatsjef og tilsette ved fagstab, samt av tilsette og deltakarar ved Bryne kompetansesenter.

Veke 43: Sluttmøte for leiinga og lærarane ved Bryne kompetansesenter med fleire, jf. rettleiingsmøte.
Tid og stad vil bli bestemt til hausten.

Gjennomføring av intervju skjer i lokala til Bryne kompetansesenter. Intervjuplan blir sett opp i samarbeid med fagstab oppvekst.

Fylkesmannen gjer merksam på at både førebels og endeleg tilsynsrapport er offentleg, jf. offentlegheitslova § 3. Den endelege tilsynsrapporten vil bli publisert på nettsida til Fylkesmannen.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber Time kommune om å gjennomføre eigenvurdering i Reflex (<http://reflex.udir.no>). Etatsjef og rektor skal fylle ut eigenvurdering, samt lærarar som blir avtalt mellom Fylkesmannen og skolen. Etatsjef, rektor og dei aktuelle lærarane skal laste opp dokumentasjon (som ikkje er unnateke offentlegheit) som det blir vist til i eigenvurderingane. Praktiske detaljar om dette blir gitt på rettleiingsmøtet.

Fylkesmannen ber også om å få tilgang til It's learning eller annan aktuell læringsplattform.

Plikta til å sende inn dokumentasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60c. Dokumentasjon som blir sendt inn, kan berre bli unnateke offentlegheit i den grad det er heimla i offentleglova.

Fylkesmannen sitt tilsynslag er Monica Mannes, Gro Sevheim og Sturle Holmen (tilsynsleiar). Spørsmål om tilsynet kan rettast til Sturle Holmen, fmrosth@fylkesmannen.no eller på telefon 51568848.

Med helsing

Hallgeir Bø
ass. utdanningsdirektør

Sturle Holmen
tilsynsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Sturle Holmen
Saksbehandlar telefon: 51568848
E-post: fmrosth@fylkesmannen.no